

Kvam herad

Sakspapir

SAKSGANG

Styre, utval, komite m.m.	Saknr
Delegert rådmannen	056/17

Avgjerd av: Rådmannen Saksh.: Mary Ann Sørheim	Dato: 08.02.2017	Arkiv: N - 258 Objekt:	Arkivsaknr 17/34 - 13
---	------------------	---------------------------	--------------------------

Tilskot Den kulturelle spaserstokken 2017

Samandrag:

Kvam herad har søkt Hordaland fylkeskommune (HFK) og fått kr 126 000 til «Den kulturelle spaserstokken» (DKSS) i 2017.

Kvam herad har lyst ut tilskotsmidlane, der kunst og kulturaktørar kan søkja tilskot til kulturarrangement for eldre i Kvam.

Målet med DKSS er å utvikla og tilby gode kunst- og kulturprosjekt/opplevelingar for eldre i kommunen. Det er eit mål at ein skal tilby eit mangfold og variasjon av sjangrar og uttrykk, og tilskotet skal i flg HFK nyttast til profesjonell kunst- og kulturformidling av høg kvalitet, i samarbeid med kunst- og kulturinstitusjonar, kunstnarar og andre kulturaktørar.

Det er kome 12 søknader om tilskot.

Søknadene viser mangfold, og fleire aktørar har gode erfaringar gjennom mange år. Kvam herad prioriterer arrangement/konsertar på institusjonar, men ønskjer og vidareføra tiltak utanfor institusjon.

Mange eldre på institusjonar kan ha nedsett helse og/eller treng ekstra tilrettelegging for å kunna delta på kulturopplevelinger utanfor institusjonar. Reiseavstandar og behov for transport kan og vera ei avgrensing i høve til deltaking utanfor institusjonane. Det er viktig å arbeida for at dei svakaste får gode kulturtilbod på institusjonane. Erfaringar viser at det er positivt for mange som deltek utanfor institusjon, men at det krev ekstra tilrettelegging og skyss, og må skje i nært samarbeid med institusjonane.

Kvam herad meiner at det er viktig at alle eldre på institusjon får tilbod uavhengig av kvar ein bur i kommunen, og at arrangørar som arrangerer tiltak sentralt og må invitera alle institusjonar.

Tilskotsmottakarane står som ansvarlege for arrangementa, og Kvam herad formidlar kontakt med institusjonar etter avtale. Det er viktig at arrangørane markedsfører arrangementa med plakatar og informasjon.

Tilskota vert utbetalte etter innsendt rapport og kontonummer tilskotet skal overførast til,- etter at arrangementa er gjennomførte. Tilskotsmottakarar må ha organisasjonsnummer.

Det vert gjeve tilskot til honorar. Tilskota dekkar ikkje administrasjon, ekstra lydanlegg og matservering.

Kvam herad rapporterer til Hordaland fylkeskommune om bruken av tilskotet.

Søkjær	Kostnad/Søknadssum	Prosjekt
Distriktsmusikarane på Voss	Kr 10 000	2 konsertar hausten 2017: Variert klassisk musikk med Helga Hjetland (violin), Øystein Haga (fløyte) og Gunn Berit Kleiveland (cello)
Inger Dysvik og Anita Forselius	Kr 20 000	4 eller 5 institusjonar/konsertar i tidsrommet 17.4-31.5.17 «Jakob Sande i ord og tonar»
Stiftinga Hardanger og Voss museum, avd Hardanger Fartøyvernsenter	Kr 18 000	Biletspelet «Då sjøen var vegen» med Oddvar Soldal. Tidsrommet 1.3.-30.3.17, 5 framsyningar
Arvid Aasprang, Torgeir Kinne Solsvik + vokalist	Kr 18 000	Arvid Aasprang(saksofon), Torgeir Kinne Solsvik (piano) , samt vokalist 4 konsertar våren 2017
Eli Storbekken trio	Kr 12 000	Folkemusikk Eli Storbekken (kveding), Frøholm/Tillung (hardingfele og trekkspel) 2 konsertar i tidsrommet 1.3-3.3.17
Hardingtonar	Kr 20 000	2 konsertar under Hardingtonar 10.6.17 Amalie Jensen Tolo og Jonas Apeland
Folkeakademiet i Kvam	Kr 8 000	Konsert med Geir Botnen og Arild Helleland på Strandebarmsheimen under Kinck-dagane 24.6.17
Kabuso/Ingebrigts Vik museum	Kr 5 550	Utvikla eige opplegg for demente i samband med 150 års jubileet for Ingebrigts Vik. 2 arrangement Tidsrom 1.8.-30.9.17
Kabuso/Ingebrigts Vik museum	Kr 8 500	Flygelkonsert på dagtid med profesjonell pianist i tidsrommet 1.5-31.5.17
Kabuso/Ingebrigts Vik museum	Kr 5 000	Utstillinga «Vik og Breivik» i samband med markeringa av Ingebrigts Vik 150 år. Ein open

		tilrettelagt utstillingsdag for eldre
Bygdagnist	Kr 40 000	Storeteigen seniortek på Kvam bygdemuseum, Storeteigen. 9 seniortek i tidsrommet 1.5- 15.12.17 : Rune Alver (piano og allsang) Anne Cathrine Eiken Konsert (klassisk musikk) Merethe Gauden (Forteljarkunst/litteraturformidling) Annette Julianna Glück & Børre Evensen (Musikkterapi og konsert) Frank Rolland (Folkemusikk & Tradisjonar: Konsert og samlearena på tvers av generasjoner) Geir Botnen & Kvam Kulturskule Stig Lundblad-Sandbakk & Kristin Glück-Teigland Ynskjekonsert og allsong sept - okt Solveig Vik Julefest: dramaturgi- og musikkterapi
Bal Musette	Kr 12 000	3 konserter : «Erik Bye – Mannen med detstore hjertet» med Bal Musette, Leif Blix og Lars Nygaard Hausten 2017

Rådmannen sitt vedtak:

Kvam herad fordeler tilskot til arrangørar av Den kulturelle spaserstokken 2017 som følgjer:

Søkjar	Tilskot 2017	Prosjekt
Distriktsmusikarane på Voss	Kr 0	2 konserter hausten 2017: Variert klassisk musikk med Helga Hjetland (violin), Øystein Haga (fløyte) og Gunn Berit Kleiveland (cello) vert ikkje prioritert i 2017
Inger Dysvik og Anita Forselius	Kr 15 000	4 framsyningar i tidsrommet 17.4- 31.5.17 «Jakob Sande i ord og tonar»
Stiftinga Hardanger og Voss museum, avd Hardanger Fartøyvernssenter	Kr 10 000	Biletspelet «Då sjøen var vegen» med Oddvar Soldal. Tidsrommet 1.3.-30.3.17,
Arvid Aasprang, Torgeir Kinne Solsvik + vokalist	Kr 18 000	Arvid Aasprang(saksofon), Torgeir Kinne Solsvik (piano) , samt vokalist 4 konserter våren 2017

Eli Storbekken trio	Kr 12 000	Folkemusikk Eli Storbekken (kveding), Frøholm/Tillung (hardingfele og trekkspel) 2 konserter i tidsrommet 1.3- 3.3.17
Hardingtonar	Kr 10 000	2 konserter under Hardingtonar 10.6.17 Amalie Jensen Tolo og Jonas Apeland
Folkeakademiet i Kvam	Kr 8 000	Konsert med Geir Botnen og Arild Helleland på Strandebarmsheimen under Kinck-dagane 24.6.17
Kabuso/Ingebrigts Vik museum	Kr 5 000	Utvikla eige opplegg for demente i samband med 150 års jubileet for Ingebrigts Vik. 2 arrangement Tidsrom 1.8.-30.9.17
Kabuso/Ingebrigts Vik museum	Kr 0	Flygelkonsert på dagtid med profesjonell pianist i tidsrommet 1.5-31.5.17 vert ikkje prioritert i 2017
Kabuso/Ingebrigts Vik museum	Kr 5 000	Utstillinga «Vik og Breivik» i samband med markeringa av Ingebrigts Vik 150 år. Ein open tilrettelagt utstillingsdag for eldre
Bygdagnist	Kr 35 000	Storeteigen seniortek på Kvam bygdemuseum, Storeteigen. 9 seniortek i tidsrommet 1.5- 15.12.17
Bal Musette	Kr 12 000	3 konserter : «Erik Bye – Mannen med det store hjertet» med Bal Musette, Leif Blix og Lars Nygaard Hausten 2017

Tilskota vert ført på konto 14700 38500 73100 8000 K110 og K030.

Gjeld arrangement utanfor institusjon:

Arrangør må samarbeida med dei ulike institusjonane i kommunen om den praktiske tilrettelegginga, både når det gjeld transport, tilgjenge, innhald og marknadsføring. Tilskotet dekkar ikkje transportutgifter og mat.

Gjeld alle tilskotsmottakarar:

Ved annonsering må det visast til «Samarbeid md Kvam herad og Den kulturelle spaserstokken». Tilskotet kan nyttast til omsøkte prosjekt.

Tilskotsmottakarar står som arrangøransvarlege for arrangementa, og Kvam herad formidlar kontakt med institusjonane etter avtale.

Kort rapport og krav om utbetaling har frist 10.12.17. Ein kan ikkje overføra tilskot til 2018.